

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Møtetid: onsdag 2. desember 2015

Stad: rom 400 i fjerde høgda av HF-bygget

Til stades:

Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Kari Haugland (engelsk), Reidar Veland (italiensk), Harry Solvang (japansk/kinesisk), Lillian Helle (russisk), Annette M. Jørgensen (spansk), Åsta Haukås (tysk) og instituttleiar Åse Johnsen.

Frå gruppe C: Anna Polster

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå 2. september 2015

Justert referat frå rådsmøtet 2. september vart sendt ut til medlemar og varafolk 20. oktober 2015. Referatet er godkjent.

Sak 3 – orienteringssaker

- A) Status for arbeidet i ressurskomiteen ved instituttet (jf. sak 4, instituttrådet 18. februar 2015): Instituttleiar orienterte om arbeidet i ressurskomiteen. Arbeidet har ikkje fungert optimalt, og det har teke lenger tid enn tenkt. Planen er no å leggja fram resultata for instituttrådet i første møtet i det nye året. Jørgensen nemnde tanken om å behovsprøva forskingsfri, slik at det ikkje er automatikk i å få forskingstermin dersom ein ikkje har eit fornuftig forskingsprosjekt. Instituttet har elles sendt inn ei høyringsfråsegn om bruken av forskingsterminar (sjå sak 2015/12770 i ePhorte).
- B) Instituttleiar orienterte om status for stillingar under utlysing og tilsetjing ved IF: Fakultetet har stoppa tilsetjinga på arabisk inntil vidare. På kinesisk har vi gjennomført prøveforelesing og intervju, og instituttleiar har sendt over innstillinga til fakultetet. Instituttleiar har innstilt to kandidatar til dei utlyste stillingane i engelsk fagdidaktikk, og vi reknar med at begge startar opp 1. januar 2016. Det vil dessutan våren 2016 bli tilsett ny studiekonsulent etter Siri Tenden Myklebust og vikar for Anna Polster. Søkjarane til dei to utlyste stipendiatstillingane vert intervjua i januar, men oppstarten i stipendiatstillingane er utsett til 1. august 2016. Instituttet har lyst ut eit årsvikariat i femti prosent stilling knytt til undervisninga på fransk språk. Tysk litteratur har fått ei ny stilling gjennom at Birger Solheim er blitt overført frå Akademisk skriving til IF. Dette er gledeleg for instituttet, samstundes som det er viktig å hegna om språkdisiplinen på tysk, og vi må m.a. passa på at IF ikkje misser fakultetsfinansieringa til DAAD-lektoratet.
- C) Fakultetet har sendt ut spørsmål til institutta om oppfølging av hms-arbeidet, basert på rapporteringa for 2014 (ePhorte 15/1266). Saka vil bli følgd opp på nyåret. Instituttleiar Johnsen minna dessutan om at hms-møte ved instituttet er obligatoriske, og viste til det svært dårlege frammøtet på hms-møtet no i haust. Ho

inviterte instituttrådet til å koma med idear til kva vi kan gjera med hms-møta framover, og korleis vi kan gjera desse samlingane meir attraktive. Jørgensen forslo at dei som var på hms-møtet, orienterte dei andre i etterkant av møtet. Dessutan meinte ho det bør vera meir omtale om slike samlingar på førehand. Helle streka under at det var viktig å framheva slike møte som psykososiale tiltak. Haukås meinte hovudproblemet er at det blir for mange arrangement, slik at folk blir «metta». Kvar ting for seg er bra, men det blir for mykje til saman. Polster meinte temaet på hms-dagen kan gjerast endå meir relevant for instituttet. Når vi får resultatata frå ARK-undersøkinga, vil dette bli eit svært relevant tema å ta opp, påpeikte instituttleiar. Polster meinte òg det kanskje burde kommuniserast tydelegare at slike samlingar er obligatorisk. Veland la vekt på verdien av å ta opp konkrete og instituttrelaterte saker som kan diskuterast og trekkja folk til arrangementet.

D) Instituttleiar orienterte om strategiarbeidet ved instituttet.

Sak 4 – Orientering om økonomien ved fakultetet og instituttet

Uthaug orientering om økonomien ved fakultetet og om det vidare budsjettarbeidet.

Sak 5 – Planar om ny studieprogramportefølje ved HF

Johnsen orientering om planane om ein gjennomgang av studieprogramporteføljen ved fakultetet. Eitt av spørsmåla som må drøftast, er kva som skal skje med dei disiplinbaserte bachelorprogram framover. Talet på undervisningsemne skal reduserast, ifølgje fakultetet. Motivasjonen er både å satsa tverrfagleg og å spara pengar. Det kan bli ei større omlegging framover, men vi veit ikkje enno så mykje om resultatet. Veland etterlyste at det vart spurt om samfunnet sine behov i denne prosessen.

Sak 6 – ymse

Åse Johnsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef